

# Vinning og spinning

## GJESTEKOMMENTAR:

Når bilen din blir meir bensin-gjerrig, så blir tendensen at du vil køyre meir. Når huset ditt blir betre isolert, så hevar du kanskje innnetemperaturen med ein grad eller to.

## Klaus Mohn

Professor, Handelshøgskolen ved UiS og NHH



På 1800-talet i England levde den politiske økonomen og vitskapsmannen William Stanley Jevons. Sjølv om han er kjent for dei færraste, så blir han rekna blant grunnleggjarane av matematisk økonomi. Jevons var til dømes blant dei første som peika på at nytta ved ekstra forbruk blir mindre di meir ein allereie har sett unna. Dei fleste vil kjenne seg att i at den første isen i sommarvarmen er betre enn den tiande.

### Jevons' paradoks

I boka Spørsmålet om kol (1865) drøfta Jevons ei rekke spørsmål knytt til England sin hang til kol, og det er frå denne boka me finn det som står att som mannens mest kjente arvestykke.

Jevons hadde merka seg at utviklinga av dampmaskinen innebar store teknologiske framskritt, som isolert sett kunne ha redusert behovet for kol. Men likevel kunne alle sjå at utvinninga av kol berre auka og auka. Dermed postulerte Jevons at når bruken av kol blir meir effektiv, så blir etterspurnaden større, ikkje mindre.

Hypotesen har seinare blitt kjent som Jevons' paradoks, og har prega delar av økonomiforskninga heilt inn i vår eiga tid. Studiar av energieffektivisering som tiltak for å dempe forbruket av energi har auka kraftig sidan oljeprissjokka på 1970-talet, og har på nytt skote fart i møte med global oppvarming og klimapolitikk. Her inneber tankesettet frå Jevons at tiltak for meir effektiv energibruk vil

bli motverka av endra åtferd i hushald og føretak.

### Effektivisering senker utgiftene

Med den store merksemda rundt global oppvarming har spørsmål knytt til energieffektivisering fått ny vind i segla dei siste 20 år. Ei rekke studier er gjennomført for å undersøkje korleis meir energieffektive løysingar virkar på ditt og mitt forbruk, og resultatane er naturleg nok blanda.

Men eitt står fast, og det er at når bruken av energi blir meir effektiv, så blir delar av gevinsten vatna ut gjennom auka produksjon og forbruk. Når bilen din blir meir bensin-gjerrig, så blir tendensen at du vil køyre meir. Når huset ditt blir betre isolert, så hevar du kanskje innnetemperaturen med ein grad eller to. Når kjøleskapet brukar mindre straum, så kjøper du kanskje dobbelt kjøleskap ved neste korsveg.

Ei effektivisering av energibruken har dermed same verknad som ein reduksjon i prisen. I faglitteraturen har denne rekyl-mekanismen i forbruket fått namnet rebound-effekten. Jevons sitt tankesett frå 1800-talet har dermed implikasjonar heilt inn i dagens utforming av energi- og klimapolitikk.

2-gradersmålet for klimapolitikken blir støtta opp av ulike scenario og framskrivingar av energisituasjonen i verda, der alle legg stor vekt meir effektiv bruk av energi. Men forskinga tydar altså på at ei betring i energieffektiviteten sjeldan vil gi ein tilsvarende reduksjon i forbruket av energi. Dette inneber at energieffektivisering knytt til fossile brensel heller ikkje vil gi full utteljing i form av reduserte CO<sup>2</sup>-utslepp, fordi lågare kostnader vil freiste oss alle til å auka forbruket – og dermed og utsleppa.

### Mennesket mot roboten

Tankesettet frå Jevons har og relevans for meir generelle sider ved teknologiutviklinga i tida me lever i. Delingsøkonomi, digitalisering og robotisering er nøkkelord dei fleste vil kjenne att frå nyheitsbitletet. Blant økonomar går diskusjonen høgt om korleis teknologitrendane vil slå

ut i arbeidsmarknad og generell velferd. Dette blir hovudtema for ein heildagskonferanse under KåKånomics-festivalen i Stavanger i november.

På den eine sida kan utviklingstrekkene vere eit trugsmål mot institusjonar og rettar i dagens arbeidsmarknad, utradere ei rekke oppgåver, med auke i arbeidsløyse og ulikskap som resultat. Men om ein tilpassar Jevons sitt tankesett om energibruk til bruk av arbeidskraft, så opnar det seg ei anna muleg utvikling. Då kan meir effektiv bruk av arbeidskraft gi stimulans både til produksjon og etterspurnad, slik at sysselsettinga kan haldast ved lag og teknologiutviklinga kan gi høgare levestandard for alle.

Sjå til dømes på minibanken, som no nærmar seg 50 år. Han medførte ikkje ei utradering av tilsette, men gav bankane høve til å utvide tilbodet av tenester, som lenge haldt sysselsettinga ved lag og kom oss alle til gode.

Minibanken er ikkje eit spesialtilfelle. I advokatbransjen i USA har ein sett robotar i sving med å gjere stadig meir avanserte dokument søk, ei oppgåve som tidlegare blei utført manuelt. Ein skulle kanskje tru at dette ville skape vanskar på arbeidsmarknaden, spesielt for nyutdanna juristar. Men når kostnaden ved å gjere slike dokument søk har falt markant, så har etterspurnaden stige tilsvarende. Og advokatbransjen har difor tilsett stadig fleire for å administrere auka i denne aktiviteten.

### Arbeidsmarknad i endring

I næring etter næring kan ein sjå at teknologiutviklinga skapar store endringar i arbeidsoppgåvene. Men samstundes vil ny teknologi skape rom for vekst i produksjon og aktivitet, slik at samla sysselsetting kanskje likevel kan haldast ved lag.

Jevons' paradoks blei utvikla for kolnæringa i England allereie for 150 år sidan. Men samstundes lærte han alle i si ettertid at god forståing av økonomisk åtferd er avgjerande for utforminga av regulering og god økonomisk politikk. Som til dømes at delar av vinninga gjerne kan gå opp i spinninga.

*Blant økonomar går diskusjonen høgt om korleis teknologitrendane vil slå ut i arbeidsmarknad og generell velferd.*

## Se min kjole

**DRØSET:** – Synes du jeg er fin i denne kjolen?

- Det kommer an på.
- Kommer an på hva?
- Om du har bursdag.
- Jeg har jo ikke bursdag.
- Nettopp. La oss heller ta en annen vinkel. Hvordan føles det å ha på seg kjole?
- Vanligvis fint, men akkurat nå er det mest irriterende. Var kjolen fin?
- Eh ... kjolen er fin, den.
- Kjolen er fin, men ikke jeg i kjolen?
- Jo, altså, men du har ikke godt av det.
- Godt av hva?
- Uansett. Det er iallfall godt å se deg. Jeg har gledet meg til å trefte deg.
- *– Hvordan føles det å ha på seg kjole?*
- Har du røykt hybelkaniner? Vi har jo vært sammen siden vi sto opp i dag. Hva driver du med?
- En psykolog sa i avisen at vi ikke burde henge oss opp i om jenter har fine kjoler, men heller spørre om hvordan de har det. Bortsett fra når det er bursdag, og derf...
- Så hvordan kan jeg vite om jeg kan gå i denne kjolen i kveld, da, hvis ingen kan si meg om jeg er fin i den?
- En løsning kan være å kjøpe ett års forbruk av kjoler i tiden før bursdagen din, og så prøve alle på selve dagen. Da kan jeg stille opp. Det er jo tross alt bursdagen din.
- Jeg er voksen. Jeg tror du har misforstått. Psykologen mente nok at man ikke skal kommentere hvordan barn ser ut.
- Men hvis jeg stadig forteller deg hvor fin du er, kan du få dårlig selvbilde eller selvfølelse eller noe i den duren, og da har vi det gående.
- Er jeg fin i denne kjolen eller ikke?
- Det er godt å se deg.
- Hvis du vil se meg i morgen også, bør du svare. Nå.
- Er det en trussel?
- Ja.
- Kjolen var kjempefin.
- Og jeg i den?
- Ok. Ja.
- Takk.



Ny teknologi vil også skape rom for vekst i produksjon og aktivitet, slik at samla sysselsetting kanskje likevel kan haldast ved lag.

